



Landbruks- og matdepartementet

Vår ref.

05/279-6/ / V14 /JOVI

Dykkar ref.

200701579-/HGR

Dato:

11.10.2007

UTTALE TIL HØYRINGSUTKAST OM ENDRING AV LANDBRUKSVIKARORDNINGA

Det er positivt at landbruksvikarordninga blir gjort gjeldande i fleire kommunar. Dette gjev bonden tryggleik i den daglege drifta om noko skulle skje, og det sikrar dyrevelferden. Vår uttale fokuserar på fleksibel innføring av og økonomien i nyordninga.

Vi er einige i at avløysarlaga ut frå sin funksjon, er fagleg godt skikka til å ta arbeidsgjevaransvaret for landbruksvikarordninga. Også dei ca 160 kommunane som i dag har dette ansvaret, har gjennom åra takla dette godt. I mange kommunar har denne ordninga verka i fleire 10-år, og til dels med stabil bemanning, slik som her i Gloppen. Det er naturleg for oss i denne samanheng å vere oppteken av korleis endringsframlegget vil verke inn i kvardagen for vår landbruksvikar. Vi meiner det må vere rom for at enkeltkommunar vidarefører sitt arbeidsgjevaransvar for landbruksvikarordninga, når både den tilsette og kommunen meiner dette er den beste løysinga, inntil det naturleg byr seg eit høve til endring, t.d. ved jobbskifte eller pensjonering. Dette meiner vi på ein god måte vil ta i vare det menneskelege aspektet i ein endringssituasjon. Vi kan ikkje sjå at ei slik fleksibell overgangsordning byr på spesielle administrative utfordringar for staten.

Om vår oppfatning er rett, er det ulikskapar avløysarlag i mellom, når det gjeld ressurstilgangen, både økonomisk, administrativt og når det gjeld kundegrunnlaget. Vi vil tru at dei fleste avløysarlaga nøye må vurdere konsekvensane for den daglege drifta ved å overta ansvaret for landbruksvikarordninga. Av høyringsutkastet går det fram at det er rekna ein maksimal kostnad på i alt 480.000 kroner per årsverk landbruksvikar-verksemd som blir gjennomført i regi av avløysarlaga. Av dette skal avløysarlaga kunne nytte inntil 40.000 kroner per årsverk landbruksvikarverksemd til administrasjon av ordninga. Brukarane skal dekke deler av kostnadene. Brukarane av tenesta skal ikkje betale meir enn den maksimale tilskotssatsen per dag og per foretak som dei kan få refundert som tilskot for avløyning ved sjukdom mv.. Denne satsen er no på 1.030 kroner per dag. Av høyringsutkastet går det fram at ein reknar med å få inn 230.000,- frå brukarane. Dvs. at ein føreset aktiv bruk av landbruksvikaren 223 dagar gjennom året.

Gloppen kommune har hatt landbruksvikarordning i fleire 10-år med stabil bemanning. Den årlege totalkostnaden samsvarar bra med det nivået høyringsutkastet legg opp til. Vi har praktisert ein dagsats på 1.130 kroner, dvs. 100 kroner over det som er lagt til grunn i utkastet. Ein av grunnane til denne "100-kroningen" er at vi ikkje fakturerar brukar for transportkostnad, som består av leasing av bil, samt drivstoff. Det er store avstandar her i kommunen, og for dei lengst borte, ville dekking av transportkostnader for landbruksvikaren bli betydeleg. Vi har fått aksept for å dekke inn noko av reisekostnadene med denne 100-kroningen som eit tillegg for alle. Resten av desse kostnadene blir dekkja av kommunen.

Vår erfaring er at jobben som landbruksvikar er krevjande og stundom fører til sjukemeldingar. I tillegg skal vikaren avspasere arbeidstid nedlagt i helgar/høgstidsdagar. Dette betyr at landbruksvikaren ikkje har så mange arbeidsdagar som høyringsutkastet synest å legge opp til. Dette går sjølvsagt direkte ut over innteninga. Både transportkostnader og effektivt tal arbeidsdagar gjennom året, må vurderast nøye om ein skal få eit rett bilete av økonomien i landbruksvikarordninga. Å overføre arbeidsgjevaransvaret til avløyarlaga utan å sikre økonomien i nyordninga, vil vere svært uheldig, både for brukarane, vikarane og avløyarlaga.

Eit heilt avgjerande moment i denne saka er at pensjonsordningane som gjeld for dei kommunalt tilsette landbruksvikarane, utan opphald og med 100% sikkerheit, blir ført vidare. Dette må vere eit nedfelt krav frå sentralt hald, og ikkje eit diskusjonstema i lokale forhandlingar om overtaking av ordninga.

Ut over dette har vi ingen merknader til dei framlagde forskriftene.

Denne uttalen vil bli lagt fram for teknisk, landbruk og kulturutvalet i kommunen. Evt merknader vil bli ettersendt.

Med helsing

Martin Lyngstad
rådmann

Jon Egil Vik
landbrukssjef
tlf. 57 88 38 31